



Surnadal kommune

Areal- og naturforvaltning

Norges vassdrags- og energidirektorat

Dykkar ref:

Vår ref
2009/1003-72

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
16.11.2015

Uttale frå Surnadal kommune til revisjonsdokument for Svorkareguleringa

Surnadal kommunestyre behandla i møte 13.11.2015, sak 66/15, uttale til Svorka Energi AS og Statkraft Energi AS sitt revisjonsdokument for Svorkareguleringa.

Merknaden følgjer her:

Innleiing

Ein viser til brev frå NVE datert 16.06.2015 kor revisjonsdokument for Svorka kraftverk i Surnadal kommune blir sendt ut på høyring. Høyringa er ein del av revisjonsprosessen for vilkåra for *Regulering av Svorka og Lille Bævra i Møre og Romsdal fylke og overføring av Lille Bævra og Brandåa. Gitt ved kgl. Res. av 18.12.1959*. Revisjonen vart sett i gang på bakgrunn av krav frå Surnadal kommune datert 08.05.20013 og NVE sitt vedtak om igangsetting av revisjon 03.07.2014.

Hovedformålet med ein revisjon er å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag. Nye vilkår kan rette opp miljøskader og ulemper som har oppstått som følgje av reguleringa. Miljøforbetringar skal vegast opp mot kraftproduksjon som er formålet med konsesjonen.

Ved oppstart av arbeidet med vilkårsrevisjonen sette Surnadal kommune seg desse måla for miljøforbetringar:

1. Stammane av laks og sjøaure i Bævra skal nå eit bærekraftige nivå før det er for seint.
2. Friluftsverdiane knytt til reguleringsmagasina på Nordmarka skal styrkast.

I den nasjonale gjennomgangen av revisjonsobjekt¹, kor objekta er kategoriserte ut frå verdi og påverknad frå vassdragsregulering på miljøtema fisk og fiske, øvrig naturmangfald og landskap/friluftsliv, er berørte elvestrekningar og magasin vurdert til å ha nokså liten verdi. I tillegg er Svorkareguleringa vurdert til å ha moderat og liten påverknad på nevnte miljøtema. Reguleringa er i denne vurderinga derfor sett i nest høgaste kategori for prioritering ved revisjon (kategori 1.2), dvs. at reguleringa berører *vassdrag med middels potensiale for forbetring av viktige miljøverdiar, og med antatt større krafttap (samanlikna med vassdrag i kat. 1.1) i høve til miljøgevinst*. I vassregionmyndigheita sitt forslag til forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021 blir Svorkareguleringa derimot anbefalt prioritert i kategori 1.1, dvs. som *vassdrag med stort potensiale for forbetring av viktige miljøverdiar, og med antatt lite krafttap i høve til miljøgevinst*. Vassregionmyndigheita grunnjev dette med at dei siste fiskebiologiske undersøkingane i Bævra tyder på at påverknadane frå reguleringa er undervurdert i Rapport 49/2013, og at grad av påverknad frå kraftregulering er stor eller svært stor. Ei slik oppvurdering av påverknad på anadrome verdiar vil sette Svorkareguleringa i kategori 1.1. Surnadal kommune støttar vassregionmyndigheita i denne vurderinga.

Reguleringa

Elva Svorka, som kraftverket har namnet frå, går frå Geitøyvatnet og Andersvatnet til Måvatnet / Langvatnet på Nordmarka. Desse er 4 av dei 7 magasinane i anlegget. Inntaket til kraftstasjonen er i Langvatnet, og herifrå går vatnet i ein 2350m lang tunnel, og til slutt i ei 650m lang rørgate i dagen, ned til kraftstasjonen ved Bævra. Denne ligg om lag 3,7 km frå utløpet i Hammesfjorden. Bævrans største sideelver Svorka og Lille-Bævra er overført til magasinane, og medfører at Bævra mellom samløpet med Lille-Bævra og Svorka kraftstasjon har vesentleg redusert vassføring. Nedanfor kraftverket er vassføringa sterkt påverka av drifta av kraftstasjonen. Det er ikkje krav om minstevassføring på nokon av strekningane. Restvassføringa på strekninga mellom Svorka kraftstasjon og Lille-Bævra (11,5 km) er vesentleg redusert.

Svorka kraftverk har i dag ein midlare årleg kraftproduksjon på om lag 110 GWh. I kraftverket er det eit aggregat med slukeevne på 11,7 m³ og installert effekt på 24,7 MW.

Generelt kan det seiast at magasinane med unntak av Langvatnet og Måvatnet blir tappa ned til eit minimumsnivå kring LRV i perioden mars – april, for så å fyllast opp mot HRV utover våren, sommaren og hausten. Reguleringa kan føre til at så mykje som 70% av vassarealet i Bævervatnet, Solåsvatnet, Krokvatnet og Geitøyvatnet blir tørrlagt på etterhjulsvinteren.

Dei seinare åra har manøvreringa av kraftverket i stadig større grad gått i retning av såkalla effektkjøring. Når kraftstasjonen ikkje er i drift er det heller ikkje vassføring ut frå anlegget, med

¹ Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering. Rapport 49/2013. Jan Sørensen (red.) 311 s.

påfølgjande svært låg vassføring i Bævra nedstrøms stasjonen i periodar med lite tilsig frå restfeltet. Det største problemet med slik drift er imidlertid den stadige variasjonen i vassføring.

Tilstand for anadrom fisk, øvrig naturmangfold og landskap/friluftsliv

I Lakseregisteret som er Miljødirektoratets system for tilstandskategorisering av anadrome bestandar sett i forhold til skadeleg menneskeskapt påverknad, er laks- og sjøaurebestandane i Bævra vurderte til å være i hhv. dårleg og redusert tilstand. For laks er vassdragsregulering ein avgjerande faktor for kategori plasseringa. Fiskebiologiske undersøkingar over ei rekkje år slår fast at redusert vassføring og hyppige endringar i vassføring som følgje av kraftregulering har betydeleg negativ påverknad på laks- og sjøaurebestandane ².

Det må og understrekast at det langs Bævra og ved magasina på Nordmarka finst mykje verdifull natur. Særleg må dei mange verdifulle Naturtypene i tilknytning til Bævra nemnast. Langs vassdraget er det registrert 10 lokalitetar av Gråor-heggeskog/almeskog som kjenneteiknast av fuktige forhold og flommark. I desse skogsområda er det gjort funn av sopp- og lavartar som har status som «Artar av nasjonal forvaltningsinteresse».

Nordmarka er eit av dei mest bruka friluftsområda i kommunen med om lag 300 hytter. Svært mange av dei ligg slik at det er naturleg å bruke magasina / vatna i friluftslivssamanheng. Det statleg sikra friluftsområdet Vaulen ligg i tilknytning til Solåsvatnet/Krokvatnet. Kristiansund og Nordmøre turistforening sitt løypenett går over Nordmarka, og passerer magasina ved Krokvatnet.

Føringar i vassforskrifta og naturmangfoldlova

Vassforskrifta har som mål at vassdrag og kystvatn oppnår minst god økologisk og kjemisk tilstand. Målet skal nåast gjennom heilheitleg planlegging med utarbeiding av regionale forvaltningsplaner med tilhøyrande tiltaksprogram. Både vilkårsrevisjonar og vassforskrifta har same mål, dvs. å oppnå miljøforbetringar der dei samfunnsmessige gevinstane blir rekna som store nok. Regional forvaltningsplan med tiltaksprogram for Møre og Romsdal vassregion, som skal vedtakast på slutten av året i 2015 og gjelde for 2016-2021, vil legge føringar for utfallet av revisjonsprosessen for Svorca kraftverk.

I forslag til Regional forvaltningsplan 2016-2021 som fylkesutvalet i Møre og Romsdal la ut på høyring 29.06.15 er alle vassforekomstar som er berørte av Svorca kraftverk satt i kategorien SMVF (sterkt modifisert vassforekomst). Miljømålet er GØP, dvs. «godt økologisk potensial» som er den beste tilstanden ein kan oppnå for økologien uten at nødvendige tiltak rammer kraftproduksjonen vesentleg. Konkretisert miljømål er «Høstbar fiskebestand, av utvalgte, men ikke alle relevante arter, som ikke er avhengig av vedlikeholdstiltak». Relevante arter vil i dette

² Ugedal, O., Ber, M., Jensås, J.G., Karlson, S., Johnsen, B.O., Hvidsten, N.A., og Bremset, G. 2014. Fiskebiologiske undersøkelser i Bævra. Sluttrapport for perioden 2009-2013. NINA Rapport 1030. 1-82.

tilfelle være laks og sjøaure. Stammane i Bævra er i dag knapt høstbare, jfr. svært låge fangsttal dei seinare åra. Skal ein oppnå robuste og høstbare fiskebestandar, er det på det reine at det mellom anna må innførast endringar i vasskraftproduksjonen i revisjonsprosessen som sikrar dette.

Iflg. naturmangfoldloven §7 skal prinsippa i lovas §§ 8 – 12 leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Vurderingane skal gå fram av beslutninga. Dette vil mellom anna gjelde når NVE skal fastsette nye vilkår for Svorka kraftverk. Det er særleg §§ 8, 9 og 10 som må leggest til grunn ved fastsetting av nye vilkår i konsesjonen for Svorka kraftverk. §8 pålegg forvaltningsorganet å innhente og legge til grunn kunnskap om natur når det blir fatta vedtak som berører naturmangfaldet. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadane av eit vedtak skal føre-var-prinsippet leggest til grunn, jfr. naturmangfoldlova §9. Beslutningstakar for nye vilkår i Svorkareguleringa skal vidare, jfr. §10 i naturmangfoldlova, vurdere den samla belastninga på økosystemet.

Om Statkrafts revisjonsdokument

Statkrafts revisjonsdokument for Svorkareguleringa frå mai 2015 inneheld dokumentasjon av tekniske, hydrologiske og driftsmessige forhold knytt til kraftverket og berørte vassforekomstar. I tillegg kjem regulantens vurdering av kommunens krav om revisjon frå 2013. Det kjem og forslag om avbøtande tiltak.

Regulanten sine berekningar tilseier eit produksjonstap på mellom 14 og 16 GWh årleg dersom kommunens krav om slepp av minstevassføring både oppstrøms og nedstrøms utløpet av Svorka kraftverk gjennom heile året, og fyllingsrestriksjonar i magasinane i sommarmånadane skal realiserast. Kommunens krav vil også utløyse behov for ei rekkje kostnadskrevande tekniske oppgraderingar. Samla vurderer regulanten at dette ikkje er i samsvar med forventta miljøgevit. Revisjonsdokumentet inneheld derfor ikkje forslag til endringar i gjeldande vilkår for Svorka kraftverk. Derimot foreslås utarbeiding av ei biotoppjusteringsplan for heile vassdraget som eit avbøtande tiltak. Vidare opnast det riktignok for å greie ut kravet om minstevassføring nærmare.

Det må kunne seiast at det er stor avstand mellom Surnadal kommune sine krav om miljøforbetringar frå 2013 og regulantens forslag til endringar.

Surnadal kommune si vurdering

Eit einstemmig kommunestyre sto i 2013 bak kravet om revisjon av konsesjonsvilkåra i Svorka kraftverk som då vart oversendt til NVE. Dokumentet har ein grundig omtale av konsekvensane reguleringa har hatt på anadrom fisk og utøving av fiske i Bævra og på friluftslivsverdiane på Nordmarka. Måla med revisjonsprosessen, som kommunestyret vedtok samtidig med sjølve krava, var:

Surnadal kommunes mål er at revisjon av konsesjonsvilkåra i Svorka kraftverk skal gi endringar i drifta slik at:

- 1. Stammane av laks og sjøaure i Bævra når eit bærekraftig nivå før det er for seint.***
- 2. Friluftsverdiane knytt til reguleringsmagasinane på Nordmarka blir styrka.***

Til saman vart det fremma 10 krav i prioritert rekkefølge kor dei fleste er innafor ramma av kommunens to hovedmål med prosessen. I tillegg vart det fremma krav om ei utprøvingstid på 5 år, og i denne perioden skal eit manøvreringsråd gi råd til regulanten for å finne beste løysing.

Krava meiner vi imøtekjem hovedutfordringane reguleringa har påført dei berørte økosystema og almenne verdiar knytt til desse.

Ved politisk behandling av merknad til revisjonsdokumentet gjorde Surnadal kommunestyre ei endring i prioriteringa av krava frå 2013. Opprinneleg krav nr. 2 (Mindre grad av nedtapping av magasinane i sommarmånadane) vart då flytta vesentleg lenger ned, dvs. til nytt krav nr. 7.

1. Tiltak for at dagens start/stoppkøyning nedanfor Svorka kraftverk blir redusert (Opprinneleg krav nr. 1 frå kommunen)

Då det ikkje er krav om minstevassføring på denne strekninga kan vassføringa bli svært låg ved stans i kraftstasjonen i periodar kor det er lite tilsig frå restfeltet. Raske reduksjonar i vasstanden medfører stranding av fisk, dvs. fisken følgjer ikkje farten til vasstandsreduksjonen, og blir liggande igjen på tørt land. Variasjonane i vassføring gir også ugunstige forhold for botndyr som utgjør ein viktig del av næringsgrunnlaget for både laks og sjøaure. Slik drift av kraftverket kan og føre til tørrlegging av gytegroper. Hvis gytinga foregår i situasjonar med høg vassføring kan gytegroper bli tørrlagte når vassføringa går ned. Problemstillinga er grundig omtalt og dokumentert i NINA Rapport 1030³. NINA sine undersøkingar tek utgangspunkt i opplysningar frå regulanten som viser at det i løpet av undersøkingsperioden 2009-2013 vart registrert mellom 84 og 198 driftsstans i Svorka kraftverk kvart år. Antalet stans i denne perioden var høgare enn i perioden 2005-2008. I same rapport kjem det fram at strekninga nedstrøms kraftstasjonen har eit betydeleg areal med egna gytesubstrat, og at gytefisketellingar tyder på at det i dei aller fleste åra er ein god del laks og sjøaure som gyt på strekninga. Derimot har tettheita av ungfisk vore svært låg, noko som tyder på låg overleving. Om reguleringseffektane på laks og sjøaure nedstrøms utløpet av Svorka kraftverk seier NINA Rapport 1030 dette (sitat s. 61): «Årsakene til den tilsynelatende gjennomgående dårlige tilstanden til ungfiskbestanden på strekningen kan være flere, men de fleste er trolig knyttet til reguleringen. Svorka kraftverk produserer ikke gjennom hele året og det forekommer stans i kraftverket over både lengre og kortere perioder. Kraftverket blir i perioder også effektregulert dag/natt noe som også gir hyppige og raske vannstandsfluktasjoner i elva nedstrøms. Det finnes ingen konsesjonspålagt minstevannsføring for strekningen eller den regulerte delen av vassdraget, noe som betyr at vannføringen kan bli svært lav dersom kraftstasjonen stanser i perioder med lite tilsig fra restfeltet.» Rapporten sier vidare at dei konkrete konsekvensane for fisk av endringane i vassføringa er at fiskeungane blir trengt saman på mindre areal med auka konkurranse og dødelighet som mulig resultat. I tillegg kan stranding av småfisk og tørrlegging av gytegroper bli utfallet. Produksjonen av akvatiske botndyr, som er mat for ungfisk, blir og betydeleg skadelidande. Dette er dokumentert i «Bunndyrundersøkelser i Bævra, 2010-2013» frå NTNU⁴. Oppsummeringa frå denne (sitat s.20):

³ Ugedal, O., Ber, M., Jensås, J.G., Karlson, S., Johnsen, B.O., Hvidsten, N.A., og Bremset, G. 2014. Fiskebiologiske undersøkelser i Bævra. Sluttrapport for perioden 2009-2013. NINA Rapport 1030. 1-82.

⁴ Kjærstad, G., Arneklev, J. V og Davidsen, J.G. Bunndyrundersøkelser i Bævra, 2010-2013. NTNU, Vitenskapsmuseet. Naturhistorisk rapport 2014-5.

«- Bunndyrtettheten var signifikant lavere nedstrøms sammenlignet med oppstrøms Svorka kraftverk.

- Områdene nærmest land nedstrøms kraftverket hadde signifikant lavere tetthet enn områdene lengre ut i elva. Tetthetsforskjellene var særlig tydelig etter perioder med effektkjøring.

- Artsantallet (døgn-, stein- og vårfluer) var lavere i områdene nærmest land nedstrøms kraftverket, sammenlignet med områdene lengre ut i elva og tilsvarende områder oppstrøms kraftverket.

- Manøvreringa av kraftverket er trolig hovedårsaken til de registrerte tetthetsforskjellene mellom områdene oppstrøms og nedstrøms kraftverket, samt mellom områdene nærmest land og lengre ut i elva nedstrøms kraftverket.

- Det skjedde en reetablering av bunndyr etter perioder med full kraftverksdrift.

- Næringstilbudet for årsyngel av laks og ørret er trolig periodevis forringet nedstrøms kraftverket.»

Med bakgrunn i dette ser ikkje Surnadal kommune grunn til å gå bort frå kravet om at effektkjøring av Svorka kraftverk må opphøre, og at det må innførast ei minstevassføring ut frå Svorka kraftverk. Nedkjøringshastigheit må reduserast vesentleg. Ein måte å oppnå dette på er ved installasjon av eit nytt og mindre aggregat i tillegg til eksisterande turbin. Vi held og fram kravet om nedsetting av eit manøvreringsråd og 5 års utprøvingstid for ei minstevassføring.

2. Minstevassføring oppstrøms Svorka kraftverk (Opprinneleg krav nr. 3 frå kommunen)

Bævra har redusert smoltproduksjon som følge av redusert vassføring på strekninga mellom Svorka kraftverk og samløpet med Lille-Bævra. Det er stor grunn til å tru at auka vassføring på strekninga vil styrke situasjonen for fiskestammene i vassdraget. NINA Rapport 1030 frå 2014 underbygger denne konklusjonen. Undersøkingane på strekninga tyder på at overlevinga til dei eldste fiskeungane av både laks og sjøaure dei fleste år er normal. Likevel er det tegn på at dei enkelte år er klart dårlegare overleving blant desse. Slike forskjellar i overleving mellom år kan skyldast at vassføringa i denne delen av elva enkelte år kan bli svært låg både sommar og/eller vinter. NINA sitt arbeid støttar opp om kommunens krav om minstevassføring mellom utløpet av Svorka kraftverk og samløpet med Lille-Bævra i NINA Rapport 1030⁵ (sitat s. 64): «Ved vilkårsrevisjonen kan det være aktuelt å utrede minstevannføring i restvannføringsområdet ovenfor Svorka kraftverk som et mulig tiltak for å bedre produksjonen av ungfisk og smolt i Bævra. I den forbindelse må en også ha i mente at vannføringen i denne delen av vassdraget også vil ha stor betydning for levevilkårene for ungfisk nedenfor kraftverket slik Svorka kraftverk driftes i dag.»

⁵ Ugedal, O., Ber, M., Jensås, J.G., Karlson, S., Johnsen, B.O., Hvidsten, N.A., og Bremset, G. 2014. Fiskebiologiske undersøkelser i Bævra. Sluttrapport for perioden 2009-2013. NINA Rapport 1030. 1-82.

Surnadal kommune held derfor fram kravet om minstevassføring oppstrøms Svorka kraftverk. Dette gjeld også kravet om ei utprøvingstid på 5 år og nedsetting av eit manøvreringsråd for prøveperioden.

I revisjonsdokumentet uttrykker Statkraft ønske om å greie ut kravet om minstevassføring nærmare, og ein føreset at dette gjeld både på strekninga nedstrøms og oppstrøms utløpet av Svorka kraftverk. Kommunen har sjølsagt forståing for at fastsetting av størrelsane på minstevassføring må baserast på tilstrekkeleg fagleg dokumentasjon. Vi finn det naturleg at det i revisjonsbeslutninga blir sett krav til regulanten om å utarbeide forslag til optimale størrelser for minstevassføring i Bævra basert på grundig naturfagleg og hydrologisk dokumentasjon. Her vil vi og vise til naturmangfoldlova §8 om krav til kunnskapsgrunnlaget.

3. Omløpsventil i Svorka kraftverk (Opprinnleg krav nr. 4 frå kommunen)

Ved utilsikta stans i kraftstasjonen kan vassføringa nedstrøms utløpet bli kraftig redusert i løpet av kort tid. Ein omløpsventil vil hindre dette. Surnadal kommune understrekar fortsatt behovet for og kravet om ei slik sikkerheitsløyning. I revisjonsdokumentet seier Statkraft at ved eit krav om minstevassføring nedstrøms Svorka kraftstasjon, må det etablerast ei teknisk løyning som sikrar denne til ei kvar tid. Surnadal kommune meiner omløpsventil må installerast uavhengig av om minstevassføring blir innført eller ikkje.

4. Tiltak for å lette oppgangen av fisk forbi utløpet av Svorka kraftstasjon (Opprinneleg krav nr. 5 frå kommunen)

Sidan Svorka kraftverk kom i drift har det vore ein tendens til at sand og stein sedimenterer og bygger seg opp utanfor utløpet av Svorka kraftstasjon. I kombinasjon med den kraftige vasstraumen ut frå kraftverket, synes dette å hindre fisk i å vandre opp og forbi utløpet av kraftstasjonen, og slik utnytte større delar av vassdraget. Regulanten har ved fleire høve fjerna grusmassane, men revisjonsdokumentet signaliserer planer om å gjennomføre fysiske tiltak i denne delen av Bævra for ei permanent løyning på problemet. Surnadal kommune tar dette til etterretning og vurderer sjølsagt dette som svært positivt. Sannsynleg gjennomføring av tiltak blir i 2016.

5. Bygging av tersklar i Svorka (Opprinneleg krav nr. 6 frå kommunen)

Surnadal kommune held fram kravet om etablering av tersklar i elva Svorka på Nordmarka. Det er eit problem at vassføringa i Svorka mellom magasina Geitøyvatnet og Andersvatnet og Måvatnet tidvis er svært lita. Dette har samangeng med stans i tappinga frå Geitøyvatnet og Andersvatnet og følgjene er ei elv med svært lite vasspegl i høve til elvesenga. Dette er negativt av estetiske omsyn i tillegg til at det oppstår dårlege tilhøve for fisk og økosystemet for øvrig. Ein kan vanskeleg sjå korleis etablering av tersklar skal føre til spreining av ørekyte til nye delar av vassdraget, slik Statkraft hevdar i revisjonsdokumentet. Dette er sjølsagt noko ein må unngå. Bygging av tersklar på strekninga vil være eit svært ønska tiltak med avgrensa kostnad.

6. Fiske- og miljøforbetrande tiltak på den kanaliserte strekninga oppstrøms samløpet med Svorka (Opprinneleg krav nr. 7 frå kommunen)

Bævra oppstrøms utløpet av Svorka kraftverk er i ein dårleg økologisk tilstand som forringar forholda for fisk og andre delar av økosystemet. Dei negative faktorane er:

- Redusert vassføring som følgje av kraftregulering.
- Kanalisering og ødelagte tersklar over ei om lag 3,5 km lang strekning.
- For brei og flat elveseng og grovt botnsubstrat i høve til vassføring gir fragmentert vasspeil.
- Sidebekkar er lagt i rør og det er i tillegg manglande samanheng mellom hovedelva og sidebekkane.

Med bakgrunn i dette var ei grundig utgreiing av fiske- og miljøforbetrande tiltak på denne kanaliserte strekninga ein del av kommunens krav i 2013. Vidare at ei slik utgreiing må sjåast i samanheng med størrelsen på ei eventuell minstvassføring oppstrøms kraftverket.

Ein slik utgreiing vil nok kunne inngå i ei biotoppjusteringsplan som Statkraft foreslår for Bævra i staden for endring av øvrige vilkår. Surnadal kommune understrekar her at vi krev både minstevassføring og utgreiing av fiske- og miljøforbetrande tiltak for strekninga oppstrøms utløpet av kraftverket. Behovet for å få utført tiltak i dette vassdragsavsnittet er dokumentert i kap 6.1.4 i NINA rapport 497⁶. Realisering av tiltaket vil for øvrig også være i tråd med NVEs standardvilkår for vassdragsreguleringssaker nr. 8 (Naturforvaltning) og 12 (Terskler m.v.).

7. Mindre grad av nedtapping av magasina i sommarmånadane (Opprinneleg krav nr. 2 frå kommunen)

Surnadal kommune vidarefører også kravet om mindre grad av nedtapping av magasina på Nordmarka i sommarmånadane. Bakgrunnen er problema nedtappa magasin skapar for dei som nyttar området og magasina til friluftsliv i denne perioden. Den låge vasstanden medfører at fising og bading frå land blir vanskeleg, særleg i magasina med neddemt myr kor strandsona blir som eit gjørmebelte. Problemstillinga gjer og at det blir vanskeleg å ferdast med båt på vatna når det oppstår mange grunne parti. Kanalen mellom Krokvatnet og Solåsvatnet kan t.d. i slike periodar ha så låg vassføring at ein ikkje kan passere med båt. Kommunens eigedom Vaulen ligg i dette området og blir i slike periodar ikkje tilgjengeleg med båt. Om lag 300 hytter er lokalisert slik at det er naturleg for eigarane å bruke magasina til friluftsføremål. I tillegg er Nordmarka registrert som regionalt friluftsområde. Både Vestre Nordmarka grunneigarlag, Vestre

⁶ Johnsen, B.O., Bremset, G. og Hvidsten, N.A., 2009. Laks- og sjøaurebestanden i Bævra, Møre og Romsdal. Undersøkelser i 2005-2008. NINA Rapport 497. 1-79.

Nordmarka hytteforening og Vaulens venner legg vekt på dette i sine innspel til kommunen i samband med utforming av krav.

Vi tar til etterretning Statkafts vurdering av dette kravet i revisjonsdokumentets kap 10.2, dvs. at krav om både minstevassføring i Bævra samt magasinrestriksjonar på Nordmarka vanskeleg let seg gjennomføre. Skal ein halde fyllingsgraden i magasina oppe, kan ein risikere for lite vatn til å oppretthalde ei minstevassføring i Bævra. Surnadal kommune ser sjølsagt denne samanhengen. Samtidig er det kommunens oppgåve i ein revisjonsprosess å påpeike og grunnje behov for endringar i drifta av kraftverket, jfr. Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer . Ein kommune skal ikkje ha kunnskap om kva som er teknisk og hydrologisk mogleg i ei vassdragsregulering. Dette er vurderingar vassdragsfagleg myndigheit må ta i lys av rådande energi- og miljøpolitikk, innafor rammene av vassforskrifta og naturmangfoldlova.

8. Tilrettelegging av stader kor ein kan kome ned til magasina med båt (Opprinneleg krav nr. 8 frå kommunen)

I og med den viktige funksjonen magasina på Nordmarka har for friluftslivet for hytteeigarar og andre brukarar av området, er gode punkt kor ein kan sette båt ut på vatna av stor betydning. Dette kan i periodar være vanskeleg pga låg vasstand, jfr. krav nr. 2 frå kommunen. Regulanten har allereie planlagt opparbeiding av nye godt tilrettelagte båtutsett i Bævervatnet og i Andersvatnet. Utsetta vil bli etablert samtidig med arbeidet med fornying av dammar på Nordmarka dei komande åra. Planlegginga av punkta har skjedd i god dialog med brukarar og grunneigarar. Surnadal kommune ser positivt på tiltaket og ser ikkje lenger grunn til at tiltaket skal inngå i vilkårsrevisjonen.

9. Utfisking i magasina (Opprinneleg krav nr. 9 frå kommunen)

Ein viser til omtale av problemstilling i kravdokumentet frå 2013. Det er i dag innleia eit samarbeid mellom kommunen, regulant, grunneigarlag og Surnadal jeger- og fiskerforening om dette. Surnadal kommune ser derfor ikkje lenger grunn til at temaet skal inngå i vilkårsrevisjonen. Temaet blir og omfatta av NVEs standardvilkår (Nr. 8. Naturforvaltning) etter at nye vilkår er innført.

10. Reparasjon av vegfylling i austenden av Krokvatnet (Opprinneleg krav nr. 10 frå kommunen)

Ein viser til omtale av problemstilling i kravdokumentet frå 2013. Statkraft viser til at vegen Dalsegg – Austergard på austre Nordmarka er behandla i privatrettsleg erstatningsskjønn av 23.08.1965. Regulanten bidro ved bygging, men meiner å ikkje ha noko vedlikehaldsansvar for vegen. Statkraft meiner problemstillinga ikkje omfattast av vilkårsrevisjonen. Dette tar kommunen til etterretning.

Standard vilkår for vassdragsreguleringssaker

Surnadal kommune krev at alle NVEs standard vilkår for vassdragsreguleringssaker som er aktuelle for Svorka-reguleringa blir innført i samband med denne revisjonsprosessen. Iflg.

retningslinjene for revisjon av konsesjonsvilkår for vannkraftverk er nettopp ei modernisering og/eller ajourføring av konsesjonsvilkåra eit av hovudmåla med revisjonsprosessane. Innføring av standardvilkåra vil da være sentralt. Lett tilgjengelege opplysningar om vassføring i Bævra og vasstand i magasinane er av særleg interesse blant brukarar av vassdraget og hytteeigarar på Nordmarka. Ein viser her til standardvilkår nr. 15 (Hydrologiske observasjonar, kart m.v.). Vi viser for øvrig til Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar, kap 9.2.

Anna

Avslutningsvis vil Surnadal kommune understreke forholda nemnt i kap 7 i kravet frå 2013.

Desse er:

- Ein ber NVE vektlegge opplysningane om at Bævra nedstrøms utløpet ikkje har fungert som sjølvgerde etter at kraftreguleringa vart iverksett.
- Surnadal kommune ber om at NVE i samband med revisjonsprosessen klargjer kva gjeldande konsesjon for Svorka kraftverk kan opne for i framtida utover det som til no er utbygd.
- Surnadal kommune gjer merksam på at NVE skal legge reglane i lov om dyrevelferd til grunn ved fastsetting av nye konsesjonsvilkår i Svorka kraftverk.

Sluttord

Surnadal kommune ønsker fortsatt produksjon av rein fornybar energi i Svorka kraftverk, men er ikkje nøgd med at regulanten ikkje har forslag til endringar i dei snart 56 år gamle vilkåra kraftverket er underlagt. I løpet av denne tida har det lokalt og nasjonalt skjedd ei stor endring i haldningar til og kunnskap om konsekvensane av store naturinngrep som dette. I likheit med innafor anna industri har den tekniske utviklinga innafor vasskraftproduksjon vore stor, og vi meiner dette må komme naturverdiane som Svorka kraftverk berører til gode. I lys av dette held Surnadal kommune fast på hoveddinnhaldet i krava framsett i 2013. Ein kommune si oppgåve i ein vilkårsrevisjonsprosess er å på vegne av almenne interesser og verdiar påpeike og grunngje behov for endringar. Vassdragsfagleg myndigheit må basert på gjeldande energi- og miljøpolitikk, og innafor rammene av vassforskrifta og naturmangfoldlova, fatte beslutning i saka.

Med helsing

Bodil Gjeldnes

miljøvernkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.